

# Årsmelding 2000

## JÆREN MUSEUMSRÅD

- Så kom då Jærmuseet inn på statsbudsjettet for 2001! Stortinget vedtok hausten 2000 å løyva to mill. kroner til nye utstillingar/vitensenter i 2001, og gav tilsegn om ni mill. seinare. Dette betyr at planlegginga av utstillingane nå tar til for fullt. Vedtaket var i tråd med Stortingsmeldinga om arkiv, bibliotek og museer ("ABM-meldinga") som vart vedtatt av Stortinget i byrjinga av desember.
- Me er og glade for at Stortingets Kulturkomite fann høve til å besøka Jærmuseet på sin tur til Rogaland i byrjinga av mars.
- På bakgrunn av "ABM-meldinga" har ein starta drøftingar i regionen med tanke på å komma fram til ein såkalla "konsolidert" regional museumsorganisasjon. Førebels har administrasjonen og kulturstyret i Sandnes vedtatt å be om forhandlingar med sikte på å slå musea i Sandnes saman med Jærmuseet.
- Jærmuseet har òg delteke aktivt i prosessar knyta til lokalmusea i regionen, først og fremst prosjektet Tungenes Fyr og det nasjonale fyrmuseumsnettverket, forhandlingane og samanslåingsprosessane mellom musea i Sandnes og matutstillinga på Klepp bygdemuseum.
- Administrasjonen på museet har hatt særleg fokus på arbeidet med å utvikla vitensenteret/ utstillingane, og museet har vore aktiv i det nasjonale vitensenternetverket.
- Dette året vart også smia i verkstaden fullført, og innvia på Teknikkens dag 18. juni.
- Museet har gjennomført to samtidsdokumentasjonsprosjekt, - om Sola flyplass og eit gardsbruk på Orre - og delteke i det faglege nettverket som er knyta til Sekretariatet for samtidsdokumentasjon på Maihaugen.
- Svært gledeleg var det då at Inger Smidt Olsen fekk midlar via "Dokument 2000" og Norsk Kulturråd til å halda prosjektet om Sola flyplass i kommande år.
- Jærmuseet vart våren 2000 spurd om å vera vertsmuseum for prosjektet "Utvikling av stedsidentitet og bruk av museene i lokale planprosesser", i samarbeid med Kulturdepartementet/NMU, Miljøverndepartementet og Riksantikvaren.
- Budsjettet for 2000 var vesentleg redusert i høve til tidlegare år. Som varsla i arbeidsprogrammet, råka dette m.a. den utoverretta aktiviteten og museet arrangerte langt færre aktivitetsdagar enn tidlegare.

- Me prioriterte likevel å oppretthalda skuletilbodet på omlag same nivå som før, og over 5000 elevar deltok i organisert undervisning på Jærmuseet.
- Som følgje av redusert publikumstilbod gjekk det samla besøkstalet noko ned i 2000, men likevel mindre enn forventa – til vel 19.000, mot 20.752 i 1999.

## JÆREN MUSEUMSRÅD

Jæren museumsråd hadde årsmøte 13. april på Jærmuseet. Hå kommune var vertskap for møtet.

Jone Vadla vart i attvald som styreleiar og Roald

G. Bergsaker som nestleiar.

Liv Todnem vart attvald som rådsordførar og Solveig Horne Kolnes vart ny varaordførar.

### Styret

Jone Vadla, private medlemmer, styreleiar

Roald G. Bergsaker, Rogaland fylkeskommune, nestleiar

Tor Audun Bilstad, Klepp

Kåre Hauge, Sandnes

Arnfinn Vigrestad, Time

Gunnar Siqveland, Hå

Solveig Kolnes, Sola

Tom Tvedt, Randaberg

Liv Todnem, Gjesdal

Einar Lea, private medlemmer

Inger Smidt Olsen, representant for dei tilsette

### Varamedlemmer:

Lars L. Salte, private medlemmer

Eldar Odland, Rogaland fylkeskommune

Sivert Skår, Klepp

Astrid Ulvatne, Sandnes

Gitle Byberg, Sola

Sven Åsland, private medlemmer

Kjellaug Ånestad Varhaug, Hå

Terje Larsen, Gjesdal

Leif Egil Torkelsen, Randaberg

Marit Egaas, Time

Bjørge Sandve, representant for dei tilsette

Styret har i meldingsåret hatt 7 styremøte og behandla 53 saker. Dei viktigaste sakene har vore knytta til byggeprosjektet, finansiering, andre økonomi-, løn- og budsjettsaker, og førebels drøftingar av ny organisering av musea i regionen.

### Personalet

I 2000 har Jærmuseet hatt følgjande stillingar:

#### Faste stillingar:

Målfrid Snørteland, styrar/konservator, 1/1 stilling

Målfrid Grimstvedt, konservator/nestleiar, 1/1 stilling

Lars Ødemotland, gardsstyrar/formann, 1/1 stilling

Knut Austad, museumslektor, 1/1 stilling

Inger Smidt Olsen, konservator Flyhistorisk Museum

Sola, 1/1 stilling

Bjørge Sandve, formidlar/assistent 1/1 stilling

#### Andre engasjement:

Else Milde Berge, 70 %, kontor

Oddvar S.E. Lode, 100%, gardsarbeid/div. vedlikehald  
Ingvor Varhaug, reinhald, til februar 2000  
Adije Gashi, reinhald, frå mars 2000  
Vibeke Sørskog, onsdagar, servering pensjonistane.

*Timeengasjement ekstrahjelp, restaurering, vakt, servering, avløysarar, 4H-gardsvertar, ferievikarar:*  
**Vakter:** Hege Tjøtta, Møyfrid Østby Larsen, Gjertrud Elise Håland, Siri Tørresen, Marit Obrestad, Gerd Våland

**Avløysarar:** Frode Østby Larsen, Siri Lode (til juni), Siri Berge,

**Ekstrahjelp:** Jon Obrestad (Hanabergmarka, køyring, garden, div.), Sverre S. Undheim (restaurering), Svein Høyland (div.), Olaug K. Njærheim (julehjelp), Leiv Larsen (verkstad, køyring m.m.), Rannveig Tunheim (registrering bibliotek), Eli Olsen (utstilling), Per Kvia (potetopptak), Anne Jorunn Frøyen (div. fagleg arbeid), Torunn Måseidvåg, (stedsutviklingsprosjektet), Sverre Skjæveland (smie, div. verkstadtenestar) Mikal Wahlberg, (smie), Arne Sandkleiva har dessutan arbeidd gratis for museet i smia.

**Ferievikarar:** Helene Østby Larsen, Rannveig Nærland  
4H gardsvertar: John Ingve Fuglestad, John Olsen, Ernst Vigrestad

**Kurs/aktivitetsdagar:** Heidi Ege, Brita Fotland, Katrine Eide Haugland, Emilie Wathne Kramer, Margit og Kåre Kvia, Bjørg Njå, Asgjerd Taksdal, Steinar Undheim

*Friviljuge vakter i heimehuset:*

Joakim Anda, Dagmund og Aud Marie Bernssen, Arnulv Brekke, Åsa og Tor Høyland, Gunnlaug Høyland, Anne Lise Østby Larsen, Martin Torvund, Inger og Alv Zachariassen

Tilsaman hadde Jærmuseet 10 årsverk i 2000, mot 10,8 registrert i 1999. Tala bygger på noko ulik reknemåte, og skilnaden mellom 2000 og 1999 er i realiteten større. Men i 1999 rekna ein 1950 timar pr. årsverk, dette året har me fått oppgitt frå HSH (Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon) at eit årsverk skal utgjera 1744 timar. Av utførte ekstraarbeid dette året utgjorde arbeidet med smia ein del månadsverk, og tettstadprosjektet 3 mndv. Anna arbeidshjelp er redusert. Det er utført omlag 0,2 friviljuge årsverk.

### ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Budsjettet for Jærmuseet i 2000 hadde ei ramme på ca. 4,3 mill. mot 4,8 mill. i fjor. Dette innebar ein drastisk reduksjon i tilgjengelege midlar. Det faste offentlege tilskotet utgjorde kr. 3,088.000,- mot kr. 2,998.000,- i 1999. Samla lønsutgifter inkludert sosiale kostnader, utgjorde nærare 2,9 mill. Storparten av dei offentlege tilskota går såleis med til å dekkja arbeidskostnadene. Reduksjonen i budsjettet dette året i høve til fjoråret skuldast først og fremst at avtalen med helse- og sosialetaten vedr. PU-tilbuda fall bort, (minus 250.000,- kr.), at den tre-årige avtalen med samarbeidsrådet gjekk ut (minus 50.000,- kr.) og at museet ikkje har hatt kapasitet til å søka eksterne prosjektmidlar. Stedsutviklingsprosjektet kom til i løpet av året og medførte ingen økonomisk vinst for museet.

Arbeidsprogrammet for 2000 uttrykte eit mål om at det økonomiske grunnlaget for drifta måtte styrkast. Dette har ikkje skjedd. Me ser ogeit aukande misforhold mellom løns- og driftsutgifter. Auken i dei offentlege tilskota held ikkje tritt med den generelle løns- og prisveksten. Samtidig blir lønsnivået på museet hengande

etter nivået for samanliknbare stillingar i staten, fylkeskommunen og kommunane.

Arbeidsprogrammet understreka og at det var viktig å sikra gode arbeidsforhold for dei tilsette. Sjølv om talet på aktivitetsdagar er vesentleg redusert, er den øvrege aktiviteten minst like høg som før. Tilbakemeldingane frå staben gir då og uttrykk for at arbeidspresstet snarare har vorte hardare. Når eit høgt aktivitetsnivå og aukande faglege krav vert kombinert med stadig trongare driftsrammer, bidreg dette til å forringa eit elles godt arbeidsmiljø.

### Diverse gratisytningar.

Hå kommune dekkjer ein del kostnader som ikkje kjem fram i museet sin rekneskap ved at kommunekassen fører rekneskapen og betalar ut lønna. Dette er til svært stor hjelp for oss. Museet må sjølv stå føre kontorføring av løn, andre utgifter og inntekter, kassaoppgjær, fakturering etc.

### Arbeidet med 2.byggsteg, utstillings- og magasinbygget.

Arbeidet med utstillings- og magasinbygget har naturleg nok stått øvst på museet sin arbeidsplan. Byggearbeida har gått noko seinare enn planlagt. Hovudårsaka til dette er problem med tømmerleveransane (flaum og vått ver også i Sverige, der store delar av tømmerleveransane kjem frå) og elendig ver her. Dei fleste arbeida det er inngått kontrakt for skal likevel vera ferdige innan april. Ennå manglar omlag 3 mill i sluttfinansiering før dei innvendige arbeida kan gjerast ferdige.

*I år 2000 var 2. byggsteg godt i gang.*

### Oversyn over fordelinga av ulike inntekter

	2000 kr.	%	1999 kr.	%
Fylkeskommune/stat	2,073.000	43	2,009.000	39
Eigarkommunane	1,015.000	21	989.000	19,5
Særlege avtalar/prosjekt 1)	225.000	4,5	673.000	13
Eigeninntekter 2)	1,052.120	22	1,136.000	22
Finansinntekter	420.000	8,5	320.000	6,5
Samla inntekt 3)	4,785.120		5,127.000	

- 1) Ulike prosjektfusjonar og bruk av overførte prosjektløyvingar. (1999 også PU-midlar)
- 2) Inkludert i eigeninntektene er oppdrag, sal av bøker, annonseinntekter, driftsinntekter på Kvia, medlemspengar, billettinntekter og andre arrangementsinntekter, servering, kafe, utleige og div.suvenirsal.
- 3) Omfattar både driftsinntekter og finansinntekter. Summen er såleis høgare enn samla omsetning for 2000.





Flyfoto frå byggetida.  
Foto: Tor Ødemotland,  
Jærmuseet.

### Vitensenterprosjektet



Museet har arbeidd vidare med å utvikla konseptet for utstillingane, og delteke aktivt i det nasjonale vitensenternetverket. Våren 2000 utarbeidde nettverket ein felles søknad om driftsmidlar som blei oversendt statsministerens kontor med kopi til ulike departement. Forskningsrådet og NMU inviterte og stortingspolitikarane til orienteringsmøte i august, og dei fleste partia var representert. Diverre vart ikkje søknaden tatt omsyn til i statsbudsjettet for 2001. Men dei ulike institusjonane har følgd opp med informasjon om prosjektet til sentrale politikarar frå sine fylke, og fleire stortingsrepresentantar har gitt uttrykk for at dei tykkjer dette tiltaket er svært viktig.

I slutten av februar arrangerte me og eit seminar om vitensenter på Jærmuseet for å informera sentrale nøkkelpersonar i regionen om desse planane. Med på seminaret var og representantar frå Forskningsrådet og NMU. Museet sine tilsette har og vore rundt i ulike politiske og faglege fora i regionen og informert om prosjektet.

Museet har dessutan fått ei løyving på kr. 100.000,- frå Forskningsrådet, og 35.000,- frå Hå og Randaberg kommunar til eit forprosjekt for eit regionalt vitensenter. Det arbeidet skal vera ferdig våren 2001.

### ...utstillingane på Jærmuseet inn på statsbudsjettet!

Det var sjølvsagt eit svært avgjerande skritt framover



I dei nye utstillingane skal ein visa korleis teknologi vart teken i bruk i arbeids- og kvardagsliv. Her er konservator på Flyhistorisk museum Sola, Inger Smidt Olsen, i gang med å demonstrera korleis taljene verkar.

då Stortinget løyvde to mill. kroner til desse utstillingane på statsbudsjettet for 2001, og gav tilsegn om ni mill. seinare!

Pressemeldinga som Kulturdepartementet sende ut i samband med budsjettforslaget hadde følgjande ordlyd:

"Kulturdepartementet gjer framlegg om ei samla løyving på 11 mill. kroner til ny utstilling ved Jærmuseet. Av dette er 2 mill. foreslått løyvd i 2001 og 9 mill. seinare.

Utbygginga ved Jærmuseet har ei samla kostnadsramme på 46 mill. kroner. Bygningane er finansierte med eigenkapital, private bidrag og tilskot frå kommunane på Jæren, Rogaland fylkeskommune og Norsk Kulturråd. Første byggjesteget vart ferdigstilt i 1995, og

det andre byggjesteget skal etter planen stå ferdig i 2001. Hovudelementa i utstillingane går ut på å vise korleis ulike teknologiar har vore nytta i arbeids- og kvardagsliv.

Jærmuseet er elles eitt av seks prosjekt som skal utgjere eit nasjonalt nettverk av såkalla "vitensenter". Desse skal fungera som ressurscenter for omliggjande distrikt. Jærmuseet er det einaste av dette slaget på Sørvestlandet.

Det faglege siktemålet med tiltaket er å formidla brei og allsidig kunnskap om og forståing for samanhengane mellom natur, kultur, landskap, teknologi og miljø. Born og unge frå 6.-10. klassesteget er hovudmålgruppe for prosjektet, som dermed fell godt i hop med tankane om "den kulturelle skulesekken".

### Stortingets kulturkomite

Jærmuseet har hatt god og nyttig kontakt med fleire av Rogalandsrepresentantane på Stortinget. Nokre har òg tatt seg tid til å besøka oss på museet, noko me set stor pris på. Me set òg pris på at fleire fylkespolitikarar har lagt turen innom museet.

Me var svært glade for at Stortingets Kulturkomite fann tid til å besøka museet på sin tur til Rogaland 2. mars, slik at me fekk høve til å informera komiteen om planane våre.

### JÆRMUSEET – KVIA 4H-GARD

Drifta på garden har også dette året tatt sikte på å visa eit allsidig husdyrhold og ulike plantekulturar med utgangspunkt i 1950-talet. Ein har i hovudsak følgd same driftsopplegg som tidlegare år.

### Husdyra.

#### Kyrne:

Pr.31.12. 2000 hadde museet følgjande besetning:

09 Fagrei, kalva 03.03.(stut nr. 23),slakta 5.03

21 Plomma

19 Kvirei, kalva 13.04 (stut nr. 24)

20 Silkrei (etter 09)

22 Mathilde, kalv etter Kvirei, utlånt til Vistnestunet

23 Stutkalv etter 09

24 Stutkalv etter Kvirei

I samband med juleopplegget i desember fekk Jærmuseet låna ei ku av Olaug K. Njærheim.

#### Grisar

Den første sugga grisa i mars, men døydde tre dagar etter. 8 grisungar vart berga. Kjøpte ny sugge ferdig bedekt som fekk ungar litle julafta, 6 grisungar.

#### Gjess/Høns.

Diverre vart alle dei fire gjessene våre drepne med få dagars mellomrom på seinsommaren. Dermed er det ingen som lenger varslar høgt og støyande at det kjem framandfolk til gards. Mordaren er ikkje identifisert, men ein skabbete rev er observert i området. Den eine gåsungen som var ala fram vart også revemat. Museet har framleis ein liten flokk jærhøns.

#### Hestar.

Jærmuseet har ved årsskiftet to hestar: Sandrina og Veslemøy. Gråmøy vart seld, m.a. pga. tendensar til aggressiv åtferd og strid innad i hesteflokken.

#### Sauer.

Jon Obrestad har 6 sauer på Kviagarden.

### Åker og eng

På Vodlen vart det sådd havre. Her er arealet noko mindre enn før pga. at delar av Vodlen er nytta til riggområde i samband med utbygginga. Ein del av åkeren vart skoren med bindar, resten med skurtreskjar og levert til Lode Mølle.

*Tingsteinsvodlen*- eng til høy og silo

*Trikanten* – Potet (Beate og Kers Pink)

*Vestre Vodlen* – Også potet (Kers Pink)

Regnveret denne hausten førte til blaute åkrar og gjorde det periodevis vanskeleg å komma utpå med maskinar. Siste potetopptak på Jærmuseet var 5. desember – med ein gammal belteopptakar.

Trass i ein svært blaut haust var det lite blautrote og annarote i avlinga. Potetene vart leverte til Nopo Klepp.

*Bekkjavodlen* – brukt til beite, helst til kyrne.

Hestane beiter i Hanabergmarka.

### AKTIVITETSDAGAR OG UTOVERRETTA VERKSEMD

Jærmuseet opna sesongen laurdag 12. februar med utstillinga "Filt mot år 2000". Dette var ei vandreutstilling laga av Karin Flatøy Svarstad i samband med kulturby Bergen 2000.

Museet hadde ope for vanleg publikum fram t.o.m. søndag 25. november.

Museet har ope for grupper heile året.

I 2000 hadde Jærmuseet tre eigenproduserte utstillingar og to vandreutstillingar.

Elles er me glade for at Time vid. skule/Form og Farge og Hå kulturskule valde å stilla ut sine elevarbeid på Jærmuseet dette året.

#### Utstillingar:

12. februar - 19. mars: "*Filt mot år 2000*"

Vandreutstilling delt mellom Jærmuseet og Hå gamle prestegard.

26. mars - 28. mai: "*Mat frå naturens spiskammer*"

Vandreutstilling frå Agder naturmuseum og botaniske hage og Vest-Agder fylkesmuseum.

"*Lapp på lapp*" Inger Johanne Rosland viste gjenbruk av tekstiler til lappetepper.

4. juni - 17. september : "*Maske på maske rundt Nord-sjøen*"

Strikketradisjonar frå fiskar og bonde til husflidsfrik og trendsetter.

9. juli – sept.: *Eksamensarbeid, Time vid. skule*

23. september – 25. november : "*Stein på stein*" Om

stein og steinarbeid på Jæren. Samarbeid med Hå stein- og geologiforening.

"*Leonardo da Vinci si bru*"

Leonardo da Vinci sitt forslag til bru over Bosporus-stredet frå 1503, modell laga av Vebjørn Sand.

19. – 25. november: *Hå kulturskule: haustutstilling*

I perioden 15.06 - 15.08 var museet ope på laurdagar og hadde utvida opningstid til kl. 17.00 på vanlege kvardagar. Elles i sesongen er museet ope kvardagar 10.00 – 15.00 og søndagar 12.00 – 17.00.




I utstillinga "*Lapp på lapp*" viste Inger Johanne Rosland korleis tekstilar kunne gjenbrukast i lappeteppe.



### Aktivitetsdagar 2000:

Tronge budsjett og stor belastning på personalet førte til at Jærmuseet dette året valde å innskrenka talet på aktivitetsdagar. Dette medførte ein viss nedgang i publikumsbesøket på sundagane – særleg i 1. halvår. Følgjande aktivitetsdagar vart gjennomført:

- 16.04: Maling av egg, eggkoking i Hanabergmarka
- 21.05: Mat frå naturens spiskammers, samarbeid med Jærsoppen, Nyttevekstforeningen avd. Sør-Rogaland
- 18.06: Teknikken dag. Deltakarar/program: Tempoklubben, Steinrøysa maskinlag, Motorgruppa på Tungenes, ljà- og knivsmiing
- 03.09: Husflidsdag, samarbeid med Jæren Husflidslag. Strikkeaktivitetar.
- 24.09: "Stein på stein". Hå stein- og geologiforening presenterte private steinsamlingar
- 01.10: 4H dag . Program: rennebilløp, steinsaging, kiling av stein. Ansvar: Sjøglimt 4H
- 19.11: Opning utstilling Hå kulturskule. Musikkinnslag den internasjonale musikkgruppa v/Pan-Gea.



### Sommartilbodet

Frå siste veka i juni til byrjinga av august hadde me òg dette året særskilde dagsprogram med "bondekona på Kvia" i hovudrolla. Aktivitetane tok stort sett utgangspunkt i gardsarbeid eller matlaging. Sommarbesøket var litt større dette året enn i 1999. 1856 registrerte besøkande i juli månad mot 1618 i juli 1999. Dårleg sommarver kan vera eit gode for musea.



I april var det aktivitetsdag med maling av egg.

### Skular og barnehagar

Jærmuseet si formidling har skuleelevar som hovudmålgruppe. Difor prioriterte me òg å oppretthalda tilbodet til skulane på omlag same nivå som før. Innhaldet i undervisningsplanen "Læra med å gjera" er i hovudsak som året før, men med eit par nye opplegg og nokre tilpassingar frå tidlegare. I året som gjekk var det fleire av skulane i Hå som nytta undervisningsopplegget "Læra med å gjera" enn tidlegare år. I tillegg til skulane Bø og Motland, som med sine 3. og 4. klassingar var med i undervisninga tilsaman 68 gonger, nytta òg Varhaug skule undervisningstilbodet 12 gonger på hausten. Det har likevel vore ein samla nedgang i talet på elevar i organisert undervisning dette året. Særleg gjeld det for barnehagar. Oppstillinga nedanfor viser fordelinga av ulike grupper og alderssteg.

	2000:	1999:
Barnehagar:	30	65
Barneskular:	147	139
Ferieklubbar:	19	11
Ungdomsskular:	8	11
Vid.gående sk./ Høg sk.:	19	32

Til saman 223 skulegrupper i 2000, i 1999 var talet 251.

I 2000 var elevtalet 5057, mot 5632 elevar i 1999.

Ein av årsakene til nedgangen kan vera at fleire bønder og institusjonar attmed tettstadene etterkvart tilbyr pedagogiske opplegg for skular og barnehagar. På Jærmuseet merka ein mindre pågang i samband med

juleopplegget i desember. Ein annan årsak er at skulegrupper i liten grad vil komma på ettermiddagen. Pågangen elles, og særleg i vårmånadene, er større enn det ein kan ta imot. Samanliknar ein med utstillingane i 1999, så bidrog dei, og særleg matutstillinga, til ein del fleire skulebesøk det året. Utstillingane siste året hadde ikkje same interessa for skulane.

### Matutstillinga Klepp bygdemuseum

Delar av matutstillinga vart sett opp på Klepp bygdemuseum hausten 2000, og var særleg tilrettelagt for skulane.

254 elevar deltok i organisert undervisning. Her var det kulturvernleiaren i Klepp som tok seg av omvisinga.

### Internett

Undervisningsopplegg for ulike klassesteg er lagt ut på museet si heimeside på internett.

### Seminar "Garden som pedagogisk ressurs"

Jærmuseet har saman med Fylkeslandbrukskontoret i Rogaland og Rogaland 4H arrangert tre seminar på Jærmuseet om emne "Garden som pedagogisk ressurs". To av seminara har vore med overnatting og det tredje var ein dags. Målgruppene har vore bønder, skulen, barnehagar og skule- fritidsordninga(SFO). Målsettinga var å integrera desse gruppene slik at dei vert betre kjende med kvarandre, kva utfordringar dei står overfor og omfanget av den nye skulereforma, L-97. Frammøtet har vore godt, tilsaman omlag 100 deltakarar. Og tilbakemeldinga er at fleire bønder på ulike måtar nyttar ressursane dei har rundt seg til pedagogisk formidling for skuleverket.

- Som oppfølging av prosjekt L97 skipa NMU til seminar fleire stader i landet med tema "Hvordan skole og museer kan være ressurs for hverandre." Eit av seminara var lagt til Sør-Rogaland i byrjinga av september og m.a. med stopp og orientering på Jærmuseet.

- Bibliotekforeninga i Rogaland hadde òg seminar på Jærmuseet i september, m.a. med orientering om museet sitt undervisningsopplegg.

### Grupper, servering og utleige

Uteige og servering av grupper er aktivitetar som varierer ein del frå år til år. Omsetninga dette året ligg litt i underkant av fjoråret.

### Totalt besøk

Medrekna enkeltbesøk, skular, barnehagar og ulike andre grupper registrerte Jærmuseet dette året i alt 19.008 besøkande, mot 20.752 i 1999. På bakgrunn av reduserte publikumstilbod er dette mindre nedgang enn venta. Ein registrerte i alt 414 gruppebesøk i 2000, noko mindre enn i fjor (449).


### Anna besøk

Museet er glad for at ulike grupper og kollegaer på studietur i Rogaland av og til legg inn eit besøk på Jærmuseet. Dette året hadde me m.a. besøk av direktøren for National Heritage Center på Isle of Man. Dette var arrangert av kulturavdelinga i fylkeskom-




Frå seminaret "Garden som pedagogisk ressurs", dei fleste heldt seg på god avstand når Jon Obrestad og Knut Austad slakta. Dei var meir aktive når pinnebrøda skulle steikast.

### Besøk på Jærmuseet i 2000 19 008



### Talet på grupper pr. måned i 2000



munen. Styret i FMK (Forskerforbundet ved museene og kulturminnevernet) var òg på besøk.

### "Sjå Jæren"

"Sjå Jæren" 2000 hadde variert innhald, med artiklar om fiskeméd langs Hå-kysten, taterane, Nærlandsheimen og oversyn over ulike plogtypar. Boka var på 180 sider, vart trykt i 1000 eksemplar og kom ut i byrjinga av desember.

Redaksjonen bestod av Målfrid Grimstvedt, Inger Smidt Olsen og Målfrid Snørteland.

## FORSKING OG DOKUMENTASJONSPROSJEKT

Dei siste par åra har ein hovudfagsstudent i historie hatt tilknytning til museet. Anne Jorunn Frøyen tok eksamen våren 2000 med oppgåva *"Den driftige jærbonden i etterkrigstida – myte eller realitet?"*

### Samtidsdokumentasjon

Både Jærmuseet og Flyhistorisk museum Sola har starta nye prosjekt i 2000.

Prosjekta er del av eit nasjonalt nettverk innan samtidsdokumentasjon, koordinert av Sekretariatet for Samtidsdokumentasjon på Maihaugen. Fleire muse i landet deltar med ulike prosjekt. Presentasjon av prosjekta er lagt ut på internett på sekretariatet si heimeside, <http://www.maihaugen.no/samtid>.

### "Gulrot eller mjølk - eit gardsbruk på Jæren i 2000"

Me starta i mars 2000 med å følgja arbeidet på eit gardsbruk i Klepp. Det er garden til Torunn og Jarle Wiig og sonen Jone Wiig. Me fotograferar, videofilmar,

observerer og intervjuar folk som er knyta til garden. Problemstillinga er knyta til endringane i arbeidsliv og teknologi i jordbruket gjennom dei siste 50 åra. Eit norsk gardsbruk er i dag ikkje noko eintydig omgrep med omsyn til kva som vert produsert på garden. Derfor er samansetting av arbeidskraft, driftsmiddel, gardsreiskap og bygningar svært varierte sjølv innafør eit mindre geografisk område. Vår problemstilling er å synleggjera dette og visa driftsforma på eit moderne gardsbruk.

Det er til nå teke omlag 4 timar video, omlag 1000 dias og like mange digitale bilete. Me har òg intervjuar gardsfolk og sesongarbeidarar. Innsamlingsarbeidet vil halda fram til mars 2001.

Prosjektet spring ut av forskingsprosjektet "Plast i landbruket" som museet gjennomførte i 1997-1999. Me valde den gong å dokumentera utviklinga på ein gard som dreiv med grønsaker i ei "grønsakbygd" på Jæren. Då stod valet mellom kommunane Randaberg og Klepp, sjølv om det òg finst grønsakmiljø i Sola, Sandnes og Hå. Eitt fellestrekk mellom gardsbruka i Randaberg og Klepp er at dei disponerer lite utmark, dvs. avgrensa muligheter til ekspansjon gjennom oppdyrking av nytt land. Me valde å gå til Klepp fordi denne kommunen er mindre pressa av industri- og tettstadutbygging enn Randaberg. I 1998 var me på Vik og intervjuar bonden om utviklinga på 1960 - 70-talet. Nå var tida inne for gå vidare.

Målfrid Grimstvedt er ansvarleg for prosjektet, og det er ho som i all hovudsak arbeider med det.

### Flyplassen – møteplass ved tusenårsskiftet"

Inger Smidt Olsen har arbeidd med prosjektet "Fly-



Jærmuseet og Flyhistorisk museum Sola starta prosjekt som skulle dokumentera notida. Jærmuseet følgde arbeidet på gardsbruket til Torunn og Jarle Wiig og sonen Jone Wiig gjennom eit år. Her er dei to siste i gang med å gjera kålrabien klar for sal. Inger Smidt Olsen har hatt ansvaret for å gje eit bilde av "livet på flyplassen" ved tusenårsskiftet.



plassen – møteplass ved tusenårsskiftet", der foto, video og intervju skal gi eit bilde av "livet på flyplassen" ved tusenårsskiftet. I dette prosjektet har arbeidet vore konsentrert om Stavanger Lufthavn Sola. Gjennom "Dokument 2000" har museet no fått støtte slik at prosjektet kan verta utvida og gjennomført slik det opphavleg var tenkt, med dokumentasjon av både Haugesund og Stavanger Lufthavn som møteplass ved tusenårsskiftet.

Inger Smidt Olsen har òg delteke på forskarkurs for museumstilsette i regi av Bergen Museum og Norsk Museumsutvikling, totalt 3 samlingar i Bergen.

## ANDRE PROSJEKT

### Teknologisk endring og produktutvikling

Museet har fortsett arbeidet med å dokumentera og

forska på landbrukssamfunnet i etterkrigstida. Dessverre ventar me ennå på publiseringa av rapporten frå "Plast i jordbruket" som blei avslutta hausten 1999. Den skal publiserast i eit temanummer om plast i Norsk Teknisk Museum si årbok *Volund*. Truleg kjem boka våren 2001.

I vårt eige prosjekt *"Teknologisk endring og produktutvikling"* avslutta me del 1 dette året. Det skjedde ved at me la ut katalogen over den viktigaste hestereiskapen på vår heimeside på internett og publiserte oversynet over plogar for hest og traktor i årboka. Me arbeider vidare med temaet mekanisering og konegjengar.

### **Stipendiat i tradisjonelt tekstilarbeid ved Handverksregisteret på Maihaugen**

Målfrid Grimstvedt er medlem av den faglege ressursgruppa for stipendiat Mona Rognan Aarø. Ho har eit treåring prosjekt. Frå 7. - til 11. februar var ho på feltarbeid på Jæren og i Stavanger. Jærmuseet førebudde programmet og følgde henne rundt. Ho fekk m.a. sjå samlingane til DFU - Ålgård, Svanedal Ullvarefabrik, husflidstekstilar i Jærmuseet sine samlingar og Bjørg Njå sitt arbeid med veving av åkle. Ho studerte spesielt heimevove ullundertøy og fabrikkvove vadmål til undertøy.

### **Handverksregisteret si smie-samling på Jærmuseet**

Frå 19. - 21. juni vart det halde ei nordisk smiesamling på Jærmuseet. Lars Enander, Sverige (smed og smiebokforfattar), Håvard Bergland, Norge (smed og forfattar), Bjørn Olav Olesrud (smed og stipendiat) og Atle Ove Martinussen, spesialrådgjevar i Handverksregisteret og prosjektleiar for Smiesamlinga møtte våre eigne smedar: Sverre Skjæveland, Arne A. Sandkleiva og Mikal Wahlberg. Føremålet var å utveksla erfaring og smieilag. Det var ljåproduksjonen som stod i sentrum. Lars Ødemotland og Målfrid Grimstvedt var med frå museet. Dei tilreisande vart innkvarterte i Ams si brakke og fekk mat på museet. Handverksregisteret finansierte samlinga, med støtte frå Jærmuseet.

### **"Program for utvikling av attraktive og funksjonelle tettsteder i distriktene".**

Jærmuseet er vertsmuseum for utredningsarbeid og publisering av erfaringshefte om *"Utvikling av stedsidentitet og bruk av museene i lokale planprosesser"*.

Jærmuseet har i haust samarbeidd med Norsk Museumsutvikling og Miljøverndepartementet om å laga eit erfaringshefte som tar for seg korleis musea kan brukast i arbeidet med å utvikla gode tettstader med lokal identitet.

Arbeidet er del av "Program for utvikling av attraktive og funksjonelle tettsteder i distriktene". Det er eit samarbeid mellom Kulturdepartementet/NMU, Miljøverndepartementet og Riksantikvaren. Føremålet med programmet er å stimulera tilbakeflytting og ny tilflytting til distriktsnorge ved å utvikla miljøvenlege og attraktive tettstader. Seks departement samarbeider i programmet som vil verta lansert i januar 2001: Kommunal- og regionaldepartementet, Samferdselsdepartementet, Kulturdepartementet, Landbruksdepartementet, Barne- og familiedepartementet og Miljøverndepartementet. Miljøverndepartementet har sekretariatsansvar for programarbeidet.

Det desentraliserte norske museumsvesenet, med sine sentrale og regionale nettverk, er eit godt utgangspunkt som bindelekk mellom det offentlege og det private, mellom sentrale og lokale aktørar, som premissleverandørar for forvaltninga og som møteplassar for læring, dialog og meningsutveksling. Lokale myndigheiter bør i langt større grad enn i dag bruka dei museumstilsette sin fagkunnskap i samband med reguleringar, utbyggingar og utviklingsplanar. På same måte kan musea vera ei ressurs for det lokale næringslivet, andre institusjonar, skoleverket etc.

Jærmuseet har engasjert seg i denne type arbeid i ulike sammenhengar, bl.a. gjennom samarbeid med Sandnes kommune i deira arbeid med Sandnesmodellen. Av den grunn vart museet bedt om å vera

med i prosjektet, først med eit innlegg på Landskonferansen om tettstadutvikling i Bergen i mai, og sidan ved å vera vertsmuseum for utgreiinga. Torunn Måseidvåg er engasjert som utgreiar.

Norsk museumsutvikling har ansvar for gjennomføring av utgreiing og trykking av publikasjon. Utgreiinga og publikasjonen vil presentera 5-6 eksempel på musea som har delteke særleg aktivt i lokale planprosesser. Heftet vil verta på rundt 50 sider. Målgrupper for arbeidet er forvaltninga på statleg, regionalt og lokalt nivå, andre sentrale aktørar i tettstadsutviklinga, samt musea sjølve.

### **LAGER, TILVEKST OG SAMLINGAR**

#### **Innsamling**

Jærmuseet har òg dette året måtta takka nei til mange tilbod, men me set stor pris på at folk kontaktar oss. Museet lyt i hovudsak avgrensa innsamlinga til materiale som er i samsvar med innsamlingsplanar og dokumentasjonsprosjekt. Av det som museet har fått, vil me serleg nemna at Kverneland Nærbo saman med Felleskjøpet sikra oss Underhaugs potetoptakar modell Faun 1700 (Superfaun) med produksjonsnummer 1 frå 1974. Frå Gaute Nærland Torland fekk me tilbod om ein Brøyt X2 gravemaskin, 1966 modell. Museet har ikkje lagerplass, men me kunne takka ja fordi han kan stå hos Reid Skjærpe, Hå, i hans samling av nybrotts- og anleggsmaskinar. Me har teke imot ein Serigstad forhaustar frå 1977 som høver til demonstrasjonsmaskin. I tilknytning til det historiske bedriftsarkivet frå Kverneland Fabrikk har me fått ein av dei tidlege PC-ane med autocad-teikneprogram frå 1992. Til Kviahuset har me fått noko meir møblar og utstyr.

#### *Takk til følgjande gjevarar:*

Anders Risa, Hå; Morten Søyland, Sandnes; Rasmus Madla, Stavanger; Kverneland ASA v/ Bjørn Tjøtta; Arkeologisk museum i Stavanger; Stein G. Sægrov, Oslo; Johan Romslo, Hå; Else Merete Strande, Sandnes; Borgny Nordstokke, Karmøy; Kverneland Nærbo v/Fredrik Underhaug; Kåre Ronold, Stavanger; Sven Mossige, Time; A.K. Maskin, Hå; Gaute Nærland Torland, Hå; Gjertrud Elise Håland, Hå; Einar G. Lode, Hå; Lode Mølle, Hå; Astrid Tjemsland, Time; Arne og Else Berge, Time; Astrid Kvia, Hå; Tore Kverneland, Time; Reidar Bernsen, Hå; Tor Tørresen, Stavanger; Margit Vigrestad, Hå.

#### **Arkiv**

Den store gledelege hendinga på dette området er at arkivromet vårt nå er utstyrt med moderne rullearkiv. Då Norske Shell la ned Raffineriet på Sola gav dei museet omlag 200 hyllemeter kompaktreolar. Det betydde at me måtte rydda i vårt overfylte arkiv - først flytta alt ut og så rydda på plass. Det er ein nyttig operasjon som fører til betre orden, men det tek tid. Det er difor ikkje avslutta ennå. Takk til Norske Shell v/Bergøy for denne flotte gáva.

#### **Registrering**

Arbeidet med å ordna og registra samlingane er avhengig av tilgang på ekstrahjelp. I sommar nytta me eitt månadsverk til å registrera gjenstandane i Kviahuset. Gjenstandane vart fotograferte digitalt og me har nå fått registrert kva som er i dei enkelte romma. Arbeidet er ikkje fullført.

Me nytta òg eitt snautt månadsverk på registrering



### Jærmuseet sine samlingar pr. 31.12.2000

Samlingar	Samlingar		av dette er EDB-registrert		
	tilv -2000	totalt	i 1998	totalt	restansar
Samlingar	30	583	2	327	256
Gjenstander	116	5.644	228	3.705	1.939
Eigne foto	4.530	26.654	102	10.196	16.458
Fotografi i samlingar	2	ca 36.500	4	1.402	35.106
Privatarkiv saml.	0	41	0	37	4
Produktkatalogar	ca 50	ca 7.000	12	2.112	ca.5.000
Avisutklypp				2.813	
Lydband	9	275	0	261	14
Video/film	15	ca.345	1	72	254
Teikningar	3	174	3	174	0
Eige bibliotek	ca.400	4.460	182	3.781	619
Periodika	124	874*	0	861	13

\* Samlinga av periodika utgjør omlag 70 hyllemeter, og boksamlinga utgjør omlag 50 hyllemeter.

i Biblioteket. Her fortsette oppryddinga, men mest tid vart brukt til å ta unna registrering av nyinnkjøpte bøker. Flyhistorisk Museum Sola har i fleire år registrert sine samlingar i dataprogrammet Regimus, eit program som er utvikla for musea. Jærmuseet har brukt noko tid dette året på å førebu seg på å ta dette i bruk. Me har av den grunn kjøpt nettverksversjonen av programmet.

Som det går fram av oversynet over samlingane har museet særleg store restansar m.o.t. katalogisering av foto og reiskapskatalogar. Registrering av gjen-

standssamlinga og boksamlinga viser utvikling i rett retning, sjølv om det framleis er store etterslep.

#### Restaurering og vedlikehald

##### Smia i verkstaden

Endeleg er smia i verkstaden gjort ferdig! Innreiing av smia var inkludert i 1. byggsteg, men vart av ulike årsaker utsett. Det var likevel sett att midlar – dei viktigaste installasjonane er esse, skorstein, to omnar – og to smihamrar.

Sverre Skjæveland har laga ein omn til oppvarming av (Ijå)emne og ein elektrisk herdeomn. Herdeomnen vert òg nytta til sinking av Ijå. Styring av temperatur og montering av alt elektrisk utstyr er gjort av Lars Kåre Ødemotland. El-fag Jæren har bistått med gode råd frå ulike ekspertar i regionen. Sverre Skjæveland har òg laga ei dobbel esse. Her har han nytta gamle støypemodellar frå Kvernelands fabrikk.

Stor smihammar kjem òg frå Kvernelands fabrikk. Ein litt mindre hammar til sinking av Ijå har museet fått av TKS. Begge to er sette i stand med nokre mindre reparasjonar og modifikasjonar, og fungerer nå godt. Smihamrane veg fleire tonn, og må ha eige fundament av betong, ca. 4-5 tonn. Dette må ikkje vera borti betongen i sjølve bygget. Ein måtte då saga ut utsparingar i verkstadgolvet, som hamrane vart heiste ned i. Monteringsarbeidet var difor ganske omfattande. Pipa vart mura opp av eit murarfirma. Røykhatt til esse og sveiseomnar laga av blekkslagar.

Tønnes Kverneland har lånt oss ei heimelaga elektrisk saks til å klyppa Ijå med. Nå arbeider ein med å få til ein stor slipestein til å slipa Ijå med.

Smia vart innvia på Teknikkens dag 18. juni med påfølgjande smieseminar.

Jærmuseet har òg fått lånt ein del ting på Nærbo Ungdomsskule, m.a. 2 amboltar som er tenkt nytta av skuleelevar dersom dei skal bruka smia.

##### Vedlikehald museumsbygg

Før sesongopning vart det utført støvsuging og nedtørking av støv over heile bygget. Golvet i kontorfløyen vart reinska og olja. Kafegolvet vart påført to lag epoxy etter grundig reingjering. Alle skifergolv vart

vaska fleire gonger med maskin og deretter impregnerte.

Pga. lekkasjar i inngangspartiet måtte ein ta opp ein del av taket i hovudbygget og leggja om delar av dette. På *Kviagarden* er det utført litt malingsarbeid og sett opp nytt gjerde mellom løa og veggen.

#### Samlingar

- Det er utført ein del gjenstående arbeid på *Allis Chalmers slepetreskar* i 2000, men storparten av dette restaureringsarbeidet vart gjort i fjor. Ennå står det att å overhala motoren som skal stå i draget, denne manglar bl.a. magnet og forgassar. Likeså manglar hovudreim på variatoren, noko som kan verta vanskeleg å få tak i. Dugar i skjærebordet skal vera gummiduk. Vanleg sjølvbindarduk er for smale, men vonaleg vil rette sorten duk dukka opp ein stad.

- Det er òg gjort noko overhaling på *Indiana-traktoren* som me fekk overført frå Norsk Teknisk Museum i fjor. Vasslekkasjen i radiatoren og topppakninga er utbetra. Det syner seg at denne traktoren er ein av to slike som kom til Norge.

- *Sandbeckens Råoljemotor*, som òg vart overført frå NTM, har og fått ei overhaling. M.a. er drivstoffsystemet grundig reingjort.

- Eirik Aarebrot ved Senter for konserverings-samarbeid har i løpet av året reingjort ei stor samling *klisjeer* frå Eik Maskin.

#### Audamotland

Delar av uthusbygningen på Audamotland er tenkt nytta til naturfagsundervisning for skular og til generell naturfagsformidling. Brunnhuset, låvegolv og den

nordre del av fjøsen har vorte sett i stand i løpet av 1999. Arbeidet så langt har gått ut på å "tetta" fjøsen, dvs. fylla i murpuss og kalka veggane, nye vindauge, nye gjødselluker og trelemmar i gjødselrennene. Delar av den gamle båsinnreiinga er tatt vekk, men det står att to båsar på kvar rad som dokumentasjon. Båsinnreiinga som er tatt vekk er tatt vare på og kan setjast på plass igjen dersom fjøsen får anna bruk seinare.

Delar av låvegolv er bytta ut, og brunnhuset er og tetta med murpuss. Det er sett inn ny dør og karmar, nytt vindauge og mura opp ny skorstein av raud murstein. Prosjektet er finansiert av midlar skaffa gjennom miljøvernssjef Egil Tofte. Arbeidet er gjort av Isak Hadeland og tilsette i Hå kommune.

Mot slutten av året er det og utført ein del arbeid på heimehuset. Golv et i midtgangen, veggen mot vest og brystet mot sør er restaurert. Dette arbeidet er utført av byggmeister Trond Nærland.

### Reiser, seminar, møte, andre tilskipingar m.m.

Museet sine tilsette har delteke på følgjande tilskipingar, møte etc:

*Målfrid Snørteland* sat i styret i Museumsforbundet fram til årsmøtet i mai, ho har dette året vore leiar i Hå Reiselivsforum og styremedlem i Reisemål Jæren, medlem i byggeskikknemnda i Gjesdal og i redaksjonen for bok om tradisjonsmat i Rogaland. Ho har deltatt/representert Jærmuseet på følgjande arrangement:

7.01: Museumsleiarmøte, Stavanger, 10.01: Solamøtet, NHO/Rogalandsbenken, 18.01: kulturstyret i Hå, 19.-20.01: møte i arbeidsgruppa for nasjonalt fyrmuseumsnettverk, Randaberg, 25.01: Møte tariffrevisjonen HSH, Stavanger, 1.02: møte Sandnesmuseet, 3.02. møte kultursjefane på Jæren, 8.02: Konferanse om ABM-meldinga, Oslo, 10.02: møte med Sjøkartverket, Stavanger, 21.-22.02: møte i arbeidsgruppa for nasjonalt fyrmuseums-nettverk, Obrestad/Jærmuseet, 22.02: møte om vitensenter FMS, Sola, 28.02: seminar om vitensenter, Jærmuseet, 29.02:

kulturstyret Randaberg, 2.03: Stortingets kulturkomite, Jærmuseet, 21.03: årsmøte Hå Reiselivsforum, Nærland, 30.03: møte vitensenternetverket, Oslo, 31.03: kåseri om mattradisjonar, Sivadamsenteret, 3.04: museumsleiarmøte, Stavanger, 12.04: kultur- og oppvekststyret, Gjesdal, 13.04: Rogaland museumsråd, Egersund, 25.04: museumsleiarmøte, Stavanger, 27.04: kåseri om mattradisjonar, Nærbo Sanitetsforening, 18.05: medlemsmøte Hå Reiselivsforum, Ogna, 20.-24.05: landsmøte Norges Museumsforbund, Ålesund, 5.06: møte vitensenternetverket, Bergen, 17.08: møte vitensenternetverket, Oslo, 26.08: omvising for styret FMK, Jærmuseet, 6.09: møte mellom museum i Rogaland of Inger Stolt Nielsen, Stavanger, 28.09: jubileum Vestlandske Skolemuseum, Stavanger, 3.10: regionaltmøte om ABM-meldinga, Sandnes, 5.10: medlemsmøte Hå Reiselivsforum, Nærland, 9.10: møte skule- og kulturetat om vitensenterplanar, Sola, 11.10: møte Rogaland Museumsråd, Stavanger, 16.10: møte vitensenternetverket, Trondheim, 28.10.-6.11: studietur til USA, 22.11: Presentasjon av FMS og Jærmuseet og vitensenterprosjektet for rektormøte i Sola, 27.11: reiselivskonferansen for Rogaland, innlegg om mattradisjonar, Suldal, 27.11: Randaberg Historielag, orientering om Jærmuseet og dei regionale vitensenterplanane, 2.12: synfaring med byggeskikknemnda i Gjesdal, 4.12: møte kulturstyret i Sandnes, 9.12: 90-års jubileum dalane Folkemuseum, Egersund, 13. 12: ope møte/stiftingsmøte Reisemål Jæren, Hå, 18.12: møte vitensenternetverket, Jærmuseet

*Målfrid Grimstvedt* har delteke/representert Jærmuseet på følgjande arrangement: 7.01 Besøk frå Bymuseet i Moss; 20.01 møte mellom musea i Rogaland om internett og fellesbilletter; 7. - 9.02 arbeidsmøte på Jærmuseet for tekstistipendiat Mona Rognan Aarø; 10.02 arbeidsmøte på Norsk Folkemuseum om jordbruksdatabasen; 16.02 møte med NMU om jordbruksdatabasen; 23.02 kåseri om jærsk handverk i Frivillinghetssentralen, Nærbo; 24.02 kåseri om bunader i Sola Bondekvinnelag; 25.02 møte i referansegruppa for Konserveringsprosjektet i Rogaland; 28.03 seminar om ABM-meldinga på Sola Strandhotell; 1.04 kåseri i Haugesund Husflidslag om ull og tekstilindustri; 4.04 møte på Norsk Landbruksmuseum, Ås om jordbruksdatabasen; 26. - 27.04 seminar i Tyssedal om samtidisdokumentasjon ved musea; 23.05 innlegg på Landskonferansen for fylkesfora for stedsutvikling i Bergen; 5. - 6.06 seminaret "Røde Låver" på Norsk Landbruksmuseum, Ås; 19. - 21.06 smiesamling på Jærmuseet; 7. - 11.08

deltok på nordisk folkedraktseminar i Valdres; 2. - 3.10 seminar på Lillehammer om samtidisdokumentasjon ved musea; 3.10 besøk på Hunderfossen Energisenter; 6.10 foredrag om Skinnhyre; sjøklær og tekstilindustri på regionsamling i Norges Husflidslag, Ålgård; 4.11 innlegg om Vitensenter på Historierseminar på Utstein Kloster; 4.12 Kulturstyremøte i Sandnes kommune.

*Målfrid Grimstvedt* er styremedlem/medlem i: Fagleg ressursgruppe for tekstilstipendiat Mona Rognan Aarø under Handverksregisteret på Maihaugen; Bunad og folkedraktrådet; formann i styringsgruppa for prøveprosjektet for Fotobevaringsnettverk for Rogaland; arbeidsutval for reiskapsdatabas innan landbruksmusea

*Inger Smidt Olsen* har delteke/representert Jærmuseet på følgjande arrangement: 7.01. besøk frå Moss Bymuseum, 20.01. møte mellom musea i Rogaland om internett og fellesbilletter, 28.02. strategi- og ideseminar, vitensenter, Jærmuseet, 19.03. Årsmøte, Fortidsminneforeningen i Rogaland i Stavanger, 20.-21.03.: Forskerforbundet, tillitsvalgtkurs, Gardermoen, 21.03.: Besøk, Flysamlingen, Gardermoen, 28.03.: Møte om St.meld.22, Sola Strand Hotell, 30.-31.03., 17.-18.06. 19.-20.10: Forskarkurs for museumstilsette i Bergen (3 samlingar), 17.08.: Møte m. Randaberg og Sola kommunar om vitensenterprosjektet, 28.08.: Fyrseminar, Hå gamle prestegard, 15.09.:Bergen: retur av lånte gjenst. til Hordamuseet, 02.-03.10. Seminar, samtidisdokumentasjon, Lillehammer, 09.10 Møte med kultur- og skuleetat i Sola om vitensenterplanar, 16.10. (for FMS) Møte mellom kulturetaten og musea i Sola. 22.11.: Presentasjon av FMS og Jærmuseet og vitensenterprosjektet for rektormøte i Sola, 18.12.: Møte i vitensenternetverket på Jærmuseet.

*Björg Sandve*: 12.01: Vitjing Garpestad pedagogiske senter, 03.04: vitjing Tuastad gard, Karmøy, 25.08: Agder Naturmuseum, 25.10: Vistnestunet og Soma gard, 17.10: kurs v/Björn Berg-/Jærmuseet: garden som pedagogisk ressurs. Björg Sandve er med i styret for Potetfestivalen.

*Knut Austad*: 12.01: Vitjing Garpestad pedagogiske senter, 03.04: vitjing Tuastad gard, Karmøy 10. – 12. mai, landskonferanse, - "Levande skule", 25.08: vitjing Agder Naturmuseum, 25.10: Vistnestunet og Soma gard, 6. - 7. desember, seminar om "Nettverk for miljølære".

### MEDLEMMER OG ABONNENTAR

Ved årsskiftet hadde Jærmuseet 200 medlemmer, ti fleire enn i 1999, og 75 abonnentar .

### Vennelaget

Vennelaget for Jærmuseet vart stifta 5. desember. Arbeidet var initiert av Einar Lea, og eit interimsstyre på 4 personar (Einar Lea, Tønnes T. Kverneland, Nils Njå, Svein Inge Årrestad) hadde førebudd stiftinga av laget, og me vil nytta høvet til å takka dei for eit lenge etterlengta initiativ.

Vennelaget skal vera ein støttespelar for museet , og medlemmane skal gjera Jærmuseet og aktivitetane våre kjende i lokalmiljøet.

Før stiftingsmøtet vart det sendt ut orienteringsskriv og forslag til vedtekter til alle nåverande medlemmer av Jærmuseet. Desse vert nå overførte til Vennelaget. Dette vert m.a. gjort fordi Jærmuseet som sjølvveigande stifting formelt sett ikkje kan ha medlemmer.

På stiftingsmøtet møtte 15 personar. Styret skal bestå av fem personar + ein vararepresentant. På møtet sa tre personar seg viljuge til å sitja i styret: Svein Inge Årrestad, leiar, Njål Ådne Njå og Torgeir Erfjord. Desse fekk fullmakt til å supplera seg sjølv.

### ARBEIDET I KOMMUNANE

#### Flyhistorisk Museum

Utstilling og formidling: Ei lita temautstilling om Trygve Gran si pionerflyging over Nordsjøen var ferdig til sesongopning. Det har elles berre vore mindre endringar og supplement til utstillinga denne sesongen. Dette året har ein så vidt tatt til med planlegging av interaktive utstillingsselement på FMS. Publikum skal



*I byrjinga av september arrangerte Jærmuseet husflidsdag i samarbeid med Jæren Husflidslag.*



*Tre ivrige damer kring spøtet.*

sjølv få prøva seg fram og eksperimentera for å læra noko om ulike tema, som t.d. aerodynamikk. Publikumsundersøkingar har vist at folk saknar aktivitetar og "liv" i utstillingane. Målfrid Snørteland og Inger Smidt Olsen var òg til stades på rektormøte i Sola kommune for å orientera om musea og vitensenterplanane. Fleire skular var interesserte i å delta i utviklinga av den pedagogiske delen av konseptet. Konservator har òg hatt ein del gruppeomvisningar på museet i løpet av sesongen.

**Registrering/katalogiseringsarbeid:** Edb-registrering av bøker, foto og gjenstandar har halde fram. I 2000 vart 74 bøker, 111 foto og 6 gjenstandar edb-registrerte. Til saman 20 aksjesjonar vart tilvektstført dette året. Totalt er 232 bøker, 553 foto og 14 gjenstandar edb-registrerte pr. 31.12.00. Òg dette året har edb-registreringa i hovudsak vore knyta til bøker og foto fordi både Norsk Luftfartsmuseum og Jærmuseet/Flyhistorisk Museum har sett det som viktig å drøfta problem knyta til gjenstandsregistreringa før ein starta for fullt. Ved Norsk Luftfartsmuseum i Bodø vil ein først koma i gang med gjenstandsregistreringa i 2001. I november hadde museet vitjing av konservator Olav Gynnild frå Norsk Luftfartsmuseum som ynskte å sjå museet og knyta betre kontakt. Etter omvising var det uformelle samtalar om aktuelle samarbeidstema.

**Bevaring/sikring:** Samarbeidet med Senter for konserveringssamarbeid ved Eirik Aarebrot har halde fram, m.a. med kartlegging av klima i lagerrom. Arbeidet med pakking av uniformer/tekstilar i syrefri emballasje har òg halde fram dette året. Vel 200 gjenstandar er grovregistrert i samband med dette.

Store delar av museet si fotosamling er flytta til

eldfast magasin på Jærmuseet, ordna og pakka i syrefri emballasje.

**Dokumentasjon:** Intervjuarbeidet har halde fram med intervju av to flyvertinner dette året. Originalmateriale vert oppbevart på Jærmuseet, medan FMS har kopiar.

Sjå elles omtale av prosjektet "Flyplassen – møteplass ved tusenårsskiftet" under avsnitt om forskning og dokumentasjon.

### **Randaberg**

Jærmuseet v/Målfrid Snørteland har delteke aktivt i å utvikla planane for Tungenes Fyrmuseum.

Ho deltok og i fleire møte i arbeidsgruppa som førebudde arbeidet med nasjonalt fyrmuseum. Gruppa hadde m.a. eit møte på Jærmuseet/ Obrestad fyr. I innstillinga som gruppa la fram i mai vart det føreslått at det nasjonale fyrmuseet skal organiserast som eit nettverk som består av fire einingar: Lindesnes Fyrmuseum, Tungenes Fyrmuseum, Dalsfjord Fyrmuseum (Volda) og Lofotmuseet. Det skal knytast ei fagstilling/konservator til kvar av dei 4 einingane samt ei felles administrativ stilling.

Arbeidsgruppa som skal førebu utstillingane på Tungenes kom i gang i desember.

### **Sandnes**

Jærmuseet v/Målfrid Snørteland har i løpet av året delteke som observatør i arbeidsgruppa som har arbeidd med samanslåing av musea i Sandnes. Innstillinga om slik samanslåing vart lagt fram hausten 2000. På bakgrunn av ABM-meldinga valde administrasjonen i Sandnes kommune å gå vidare i prosessen, ved å føreslå

ei samanslutning av dei lokale musea og Jærmuseet. Sidan Jærmuseet sitt 3. byggsteg/industriavdelinga er alt vedtatt lagt til Sandnes, meinte ein dette ville gi den mest rasjonelle og fagleg beste museumsorganisasjonen. Kulturstyret i Sandnes gav på sitt møte 4. desember kultursjefen fullmakt til å forhandla med Jærmuseet og Kulturdepartementet med sikte på å komma fram til ei slik løysing.

Styret i Jærmuseet vedtok òg på styremøte 15. november ei fråsegn som støtta denne prosessen.

### Klepp

Matutstillinga på Klepp Bygdemuseum var eit samarbeid mellom kulturkontoret i Klepp og Jærmuseet. Jærmuseet var med å sette opp utstillinga og hadde òg to ettermiddagar der lærarane frå fleire barneskular i Klepp fekk ei innføring i korleis utstillinga kunne nyttast i undervisninga. Det praktiske matarbeidet var det Klepp Bondekvinneleg som hadde ansvaret for.

5 aktivitetssundagar i samarbeid med dei lokale bondekvinnelaga.

### Anna verksemd i regionen

Bortsett frå diverse konsultasjonar, har ikkje Jærmuseet utført direkte oppdrag i dei andre kommunane dette året.


I samband med ABM-meldinga arrangerte Sandnes kommune og Jærmuseet eit orienterings- og diskusjonsmøte for alle kommunane med Stein Sægrov som innleiar. Det var godt frammøte frå alle kommunane, og stor interesse for å få til ei tettare samordning av museumsarbeidet i regionen.

Det har og vore eit par fellesmøte mellom kultursjefane og Jærmuseet.


*Alle foto i årsmeldinga er tekne av Jærmuseet.*


## Rekneskap 2000


	Rekneskap 2000	Noter	Rekneskap 1999
<b>INNEKTER</b>			
FASTE OFFENTLEGE TILSKOT	3 088 000		2 998 000
SALSINNEKTER	292 101		331 457
ENTREINNEKTER	329 119		372 622
UTLEIGE	137 375		143 655
BOKSAL	44 943		42 996
MEDLEMSSKAP/ANNONSER	109 708		114 120
JORDBRUKSINNEKTE	78 586		84 568
DIVERSE INNEKTER	60 104		45 928
SÆRLEGE AVTALAR			250 000
BRUK AV ØYREMERKA TILSKOT	228 232	1	429 327
REFUSJONAR	13 390		13 788
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>4 381 558</b>		<b>4 937 461</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>			
LØNNSKOSTNADER	2 337 934		2 384 217
HONORAR	7 808		2 700
SOSIALE KOSTNADER	514 984		507 854
INNKJØP AV VARER FOR SAL	228 711		240 190
KJØP INVENTAR OG MATERIELL	42 764		156 690
VEDLIKEHALD BYGG	37 296		144 511
VEDLIKEHALD ANLEGG	102 126		104 941
VEDLIKEHALD UTSTYR/SAMLINGAR	25 793		31 094
ANDRE PROSJEKT			660
KONTOR OG ADM.KOSTNADER	169 173		193 366
STRAUM OG REINHALD	134 715		155 458
LAGERLEIGE	34 232		33 979
AVGIFTER/FORSIKRINGAR	78 267		69 048
REISER/KURS/TRANSPORT	183 324		179 776
GARDSDRIFT	88 072		95 252
MARKNADSFØRING/UTSTILLING	136 347		228 518
PUBLIKASJONAR/DOKUMENTASJON	110 488		141 360
ANDRE DRIFTSKOSTNADER	126 351		150 423
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>4 358 385</b>		<b>4 820 037</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>23 173</b>		<b>117 424</b>
Renteinntekter	492 512		312 327
<b>Årsresultat</b>	<b>515 685</b>		<b>429 751</b>
<b>Overføringer:</b>			
Overført annan eigenkapital	515 685		429 751


  
Jone Vadla  
Styreleiar


  
Eldar Odland

  
Einar Lea

  
Kåre Hauge

  
Sivert Skår


  
Inger Smidt Olsen

  
Gunnar Sivqveland


## Balansekonto pr. 31.12.2000

	2000	Noter	1999
<b>Anleggsmidlar</b>			
Varige driftsmidlar:			
Byggetrinn 1	0	2	0
Byggetrinn 2	0	2	0
Inventar/utstyr	0	2	0
EDB-utstyr	0	2	0
Samlingar	200 000	5	200 000
<b>Sum varige driftsmidlar</b>	<b>200 000</b>		<b>200 000</b>
Innskot Nærbø Handelslag	3 399		3 153
Eigenkapitaltilskot KLP	16 906		16 906
<b>Sum finansielle anleggsmidlar</b>	<b>20 305</b>		<b>20 059</b>
<b>Sum anleggsmidlar</b>	<b>220 305</b>		<b>220 059</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
Fordringar			
Kundefordringar	178 321		57 620
Andre kortsiktige fordringar	3 052		214 002
<b>Sum fordringar</b>	<b>181 373</b>		<b>271 622</b>
Bankinnskot kontantar og likn.	6 378 791	4	4 917 376
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>6 560 164</b>		<b>5 188 998</b>
<b>Sum eigendelar</b>	<b>6 780 469</b>		<b>5 409 057</b>
<b>Balanse eigenkapital og gjeld</b>			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital	200 000	5	200 000
Grunnkapital			
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	2 109 951		1 594 266
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>2 309 951</b>		<b>1 794 266</b>
<b>GJELD</b>			
Ubrukte øymerka midlar			
Ubrukte midlar, byggetrinn 1	255 188	1	358 160
Ubrukte midlar, byggetrinn 2	1 009 414	1	1 886 537
Andre øymerka tilskot	545 267	1	427 999
<b>Sum ubrukte øymerka midlar</b>	<b>1 809 869</b>		<b>2 672 696</b>
Anna langsiktig gjeld			
Hå kommune	288 000		288 000
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>	<b>288 000</b>		<b>288 000</b>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	1 891 810		210 655
Skuldig skattetrekk	128 998		109 224
Skuldig arbeidsgjevaravgift	68 769		65 680
Skuldige feriepengar inkl.arb.gj.avg	274 319		254 495
Skuldig meirverdiavgift	8 753		14 041
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>2 372 649</b>		<b>654 095</b>
<b>Sum gjeld</b>	<b>4 470 518</b>		<b>3 614 791</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>6 780 469</b>		<b>5 409 057</b>

Nærbø, 02.04.2001

  
Gitle Byberg

  
Liv Todnem

  
Målfrid Snørteland  
Museumsstyrar



## Noter til rekneskap

### Note nr. 1: Ubrukte øymerka midlar

<b>Ubrukte midlar, byggetrinn 1</b>	
Ubrukte midlar 01.01.00	358.160
Investering (smie) 2000	- 102.972
<b>Ubrukte midlar 31.12.00</b>	<b>255.188</b>

### Ubrukte midlar, byggetrinn 2

Ubrukte midlar 01.01.00	1.886.537
Tilskot motteke 2000	6.176.000
Investering 2000	-7.053.123
Ubrukte midlar 31.12.00	1.009.414

*Jærmuseet har motteke følgjande tilskot til byggesteg 2 i 2000*

Norsk Kulturråd	2.000.000
Rogaland Fylkeskommune	2.500.000
Sola kommune	766.000
Klepp kommune	400.000
Randaberg kommune	350.000
Time kommune	150.000
Andre	10.000
<b>Totalt</b>	<b>6.176.000</b>

### Andre øymerka tilskot

Tilskot og gáver 2000	345 500
Overført frå 1999	427 999
Overført til 2001	- 545 267
Bruk av øymerka tilskot 2000	<b>228 232</b>

*Jærmuseet har fått tilskot frå følgjande bidragsytarar i 2000:*

NMU	5 000	Refusjon L97
Norsk Kulturråd	61 500	"Dokument 2000"/FMS
Sekretariatet for samtidsdok.	7 000	samtidsdokumentasjon
Norsk Museumsutvikling	38 000	Stedsutviklingsprosjektet
Miljøverdep.	95 000	Stedsutviklingsprosjektet
Norsk Kulturråd	50 000	Stedsutviklingsprosjektet
Norske 4H	4 000	Støtte skulebesøk 4H gard
Hå kommune	35 000	Forprosjekt reg. Vitensenter
Hå kommune	50 000	PU/Kvia, Audamotland
<b>Totalt</b>	<b>345.500</b>	

### Note nr. 2: Varige driftsmiddel

	Inventar utstyr	EDB-utstyr	Bygningar		Sum
			Trinn 1	Trinn 2	
Kostpris 01.01.00	453.545	178.910	18.408.946	957.187	19.998.588
Tilgang 2000			102.972	7.053.123	7.156.095
Kostpris 31.12.00	453.545	178.910	18.511.918	8.010.310	27.154.683
Nedskr. m. inv.tilskot 01.01.00	453.545	178.910	18.408.946	957.187	19.998.588
Nedskr. m. inv.tilskot 2000			102.972	7.053.123	7.156.095
Nedskr. m. inv.tilskot 31.12.00	453.545	178.910	18.511.918	8.010.310	27.154.683
Bokført verdi 31.12.00	0	0	0	0	0

Dei varige driftsmidlane er fullt ut finansierte med tilskot. Me har valt å føra tilskotet til frådrag i anskaffelseskostnaden, og får følgeleg ein netto kostpris lik 0. Alternativet hadde vore å avskrive dei varige driftsmidlane over levetida, og tatt tilskotet til inntekt i takt med avskrivningane. Dette ville gjeve same driftsresultat.

*Bygget er fullverdiforsikra. Premiegrunnlaget for hovudbygg, auditorium og verkstad i 2000 var kr. 26.363.000.*

*For øvrege eigedommar var premiegrunnlaget i 2000 totalt kr. 8.665.000.*

### Note nr. 3: Tilsette og godtgjersle

Jærmuseet har 7 fast tilsette.  
Lønn til dagleg leiar utgjorde kr. 330.300,- i 2000

### Note nr. 4: Bundne midlar

Av totale bankinnskot på kr. 6.378.791 utgjer kr. 128.998 bundne skattetrekksmidlar, kr. 1.264.602 bundne midlar til byggetrinn 1 og 2 og kr. 545.267 bundne midlar øymerka konkrete prosjekt.

### Note nr. 5: Grunnkapitalen

I følgje museet sine vedtekter utgjer samlingane Stiftinga Jærmuseet sin grunnkapital. Grunnkapitalen i offentlege stiftingar skal vera minst 200.000,- kroner. Det er vanskeleg å fastsetja samlingane sin reelle verdi, m.a. fordi mange ting er uerstattelege. Premiegrunnlaget for forsikringssummen er oppgitt til kr. 850.000,- .

# Forfattaromtale

## Anne Jorunn Frøyen

f.1962, frå Kalvåg i Sunnfjord. Hovudfag i historie frå Universitetet i Bergen våren 2000. Prosjektarbeid på Jærmuseet 1998 og 2001.

## Målfrid Grimstvedt

f. 1949 i Stavanger. Magistergrad i etnologi ved Universitetet i Oslo. Har arbeidd som konservator ved Jærmuseet sidan 1987.

## Kjell Mattingsdal

f. 1946 på Rånaheia, Matningsdal i Hå, der han nå er gardbrukar.

## Gabriel Mattingsdal

f. 1936. Vaks opp på Matningsdal, bur nå på Bryne. Jaktinteressert, pensjonert industriarbeidar.

## Nils Njå

f. 1927 i Time. Pensjonert gardbrukar. Var formann i Jærmuseet frå 1985 til 1992.

## Inge Særheim

f. 1949, frå Klepp. Er tilsett som professor i nordisk

språkvitenskap, knyta til avdeling for humanistiske fag, ved Høgskulen i Stavanger. I juni i 2000 disputerte han for doktorgraden ved Universitetet i Bergen. Doktorgradsarbeidet hadde tittelen *Namn og gard. Studium av busetnadsnamn på –land*. Han har skreve fleire bøker og artiklar om språk, spesielt om stadnamn.

## Audun Øyri

f. 1926 på Frøyland i Time, nå busett i Stavanger. Lege, spesialist i indremedisin. Har sidan 1988 vore redaktør av "Norsk medisinsk ordbok" (Samlaget).

## Jakob Aano:

f. 1920 i Sauda, busett i Stavanger. Lektor, har m.a. vore rektor på Sand realskule og lektor på Svithun gymnas i Stavanger, og har arbeidd for det Lutherske Verdensforbund i Afrika. Stortingsrepresentant for Kristleg Folkeparti 1965 – 1985. Var seinare m.a. medlem av Norsk Kulturråd og styret i Rikskonsertane. Har gitt ut sjølvbiografien "Over alle grenser", 1991, og to bøker om Alfred Hauge: "Nistekorg for eit nytt århundre", ei samling sakprosa, 1995, og "Helsing Alfred", eit utval av Alfred Hauge sine brev, 1999.